
Saksnr: 2021/20329-1
Saksbehandlar Truls-Einar Strand Johnsen
Dato: 10.05.2021

Til: Hovudutval for næring

Frå: Fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling

Statusrapport Klimapartnere Vestland mai 2021

Bakgrunn

Klimapartnere Vestland er eit partnerskap for grøn næringsutvikling for private og offentlege verksemdar i Vestland. Partnerskapet starta som Klimapartnere Hordaland i 2014. I 2020 fekk Klimapartnere Vestland sine første partnerar i tidlegare Sogn og Fjordane.

Visjonen til Klimapartnere Vestland er å bidra til at Vestland lykkes med omstillinga for å nå 1,5 gradersmålet gjennom å vere regionens viktigaste partnerskap for grøn næringsutvikling.

[Les meir om Klimapartnere og pliktane for våre partnerar her.](#)

Status Klimapartnere Vestland

I skrivande stund har Klimapartnere Vestland 65 partnerar. Etter fleire år med fokus på oppbygging av partnerskapet vil vi den kommande tiden ha eit betydeleg redusert fokus på rekruttering av nye partnerar i sør.

I nord (tidlegare Sogn og Fjordane) har vi i dag ti partner med hovudkontor i regionen. Her er det framleis behov for å rekruttere ytterlegare partnerar. Vi har satt et tak på cirka 75 partnerar innan utgangen av 2021. Det vil si at det kapasitet for cirka ti nye partnerar. Av disse vil et klart fleirtal rekrutterast frå den nordlege delen.

Klimapartnere Vestland har i dag tre tilsette. Helene Frihammer er leder for Klimapartnere Vestland, mens Renate Nedregård og Truls-Einar Johnsen er avdelingsleiar i henholdsvis nord og sør.

Helene Frihammer går inn i ny stilling som leder av NHO Vestlandet 1. august. Renate Nedregård går da inn som ny leiar av Klimapartnere Vestland, mens Truls-Einar Johnsen blir nestleiar med særleg ansvar for vidare oppbygging av partnerskapet i nord, kommunikasjon og klimaregnskap. I tillegg vil det komme en ekstra ressurs, men det er i skrivande stund ikkje avklart helt hvordan dette vil løses.

Klimapartnere Vestland nord hadde oppstartsmøte i august 2020 og sitt første signeringsmøte i november. Ni partnere signerte seg da inn som de første partnerane i den nordlege delen av fylket. Så langt i år har éin ny partner blitt med. Rekrutteringa har stått noko i bero denne våren som følge av koronasituasjonen i tillegg til arbeid med årets klimaregnskap, men målsetninga er vi skal ha 15-20 partnere med hovudkontor i nord innan utgangen av året. Klimapartnere Vestland er eit partnerskap og vi vektlegger i stor grad dette fellesskapet. Samtidig gjer fylkets geografi det viktig å vere fysisk tilstede og tilrettelegge for aktivitet også i nord. Avdelingsleder for Klimapartnere Vestland nord, Truls-Einar Johnsen, har sitt kontor i Florø, i Kinn kommune.

Klimapartnere sin styrke ligger i nærheit til og mellom partnerne. Dette har vært kravande å vedlikehalde i ei tid da fysiske møter og besøk tidvis har strenge restriksjonar. Vi har i denne

perioden vektlagt økt aktivitet på sosiale medier, høgere møtehyppighet digitalt og vi har etablert eit nyheitsbrev kvar veke med siste nytt frå Klimapartnere Vestland, partnerar og anna relevant stoff.

[Nyhetsbrevet kan abonneres på her.](#)

Klimapartnere nasjonalt

Klimapartnere har partnerregioner i Finnmark og Troms, Nordland, Trøndelag, Innlandet, Viken, Vestfold og Telemark, Agder, Rogaland og Vestland. Vi samarbeider også tett med Næring for Klima i Oslo og Møre og Romsdal har starta prosessen med å etablere Klimapartnere Møre og Romsdal. Da er Klimapartnere til stede i hele landet. Tidlegare i vår runda Klimapartnere 300 partnerar totalt nasjonalt.

Klimapartnere ble i fjor tildelt fem millionar i støtte frå Miljødirektoratet gjennom ordninga Klimasats til et nasjonalt løft og regional sikring. Vestland var hovudsøkar og midlane går til å sikre 50%-stillingar i de fem søkande regionane Vestland, Rogaland, Viken, Innlandet og Trøndelag, samt til 2*50% nasjonale ressursar i form av ein strategisk prosjektleiar og ein administrativ støttefunksjon. Takka være disse midlene fikk vi utvikla verktøyet Den grønne løsningsbanken. Klimapartnere har også lansert Klimakartet.no, som viser klimamålsetningane til kommunar og fylke i heile landet. Vi har også gått saman om ein felles digital løysning for klimaregnskap. I fjor ble denne løysningen Asplan Viaks Klimakost, og det er det i år også. Sist har vi etablert en årleg nasjonal klimapartnerkonferanse.

Den grønne løsningsbanken

Den grønne løsningsbanken er en samling grønne løysningar frå våre partnere i heile landet. Løsningsbanken inneholder både større spydspissprosjekt og mindre lågterskel-tiltak. Totalt har løsningsbanken 156 løysningar, av dei er 68 frå Vestland. Den grønne løysningbanken blir ein del av den nye utstillinga til Vil Vite i Bergen.

Hensikten med den Grønne løsningsbanken er å gi virksomheter en idébank hvor de kan hente inspirasjon og erfaringar fra andre partnere i hele landet. Samtidig gir løsningsbanken partnerne en god anledning til å presentere sitt eige klimaarbeid.

Foreløpig har vi brukt tid på å bygge og fülle opp løsningsbanken. I tida framover vil vi enda større grad fokusere på å spre Den grønne løsningsbanken til både partnere og eksterne aktørar.

[Den grønne løsningsbanken finner ein her.](#)

Klimakartet.no

I samarbeid med Greensight, Haltenbanken og Om i Morgen har vi utvikla et Norgeskart som viser klimamålsetningene til kommunar og fylker i hele landet. Formålet med kartet er å bevisstgjøre kommunar og fylker på egne og andres målsetninger og klimaplaner. I arbeidet med klimakartet ble det klart at mange kommunar har et lite bevisst forhold til egne klimatall og klimamål. Vi opplever også at disse kommunene trenger støtte fra høgare hold i arbeidet med sine klimaplaner.

[Klimakartet.no finnes her](#)

Klimaregnskap

I fjor lanserte vi for første gang klimaregnskapet digitalt. Det var Asplan Viak som leverte den tekniske løysningen gjennom sitt system Klimakost. Klimaregnskapsrapporteringen i fjor ble ekstra krevende for en del av partnerne med et nytt digitalt rapporteringssystem midt i en krevende situasjon med permitteringer og nedstenginger. Vi opplever derfor er det første året hvor vi får et skikkeleg, fullverdig digitalt klimaregnskap. De fleste Klimapartnere-regionane bruker same system.

Årets klimaregnskap vil bli lansert under Arendalsuka i august. [Fjorårets regnskap finner en her.](#)